

# Bestandsplan for Lærdal-Årdal villreinområde

**2024-2027**



*Reinsflokk hjå Reinsgravstjørni, Lærdal-Årdal villreinområde. Foto: Rein Arne Golf*

## FORORD

Føreliggande bestandsplan er den 6. i rekkja for Lærdal-Årdal villreinområde. Den fyrste bestandsplanen gjaldt 1999-2003, og den føregåande for 2018-2022. Bestandsplan er viktig som styringsverktøy for dei årlege avskytingsplanane, og sikrar eit lengre perspektiv i forvaltninga. Villreinutvalet har valt ein 4-årig bestandsplan sidan Kvalitetsnormen for villrein og vil verta revidert kvart fjerde år, då vil ein kunna ta inn ny informasjon som er viktig for forvaltninga av villrein i Lærdal-Årdal.

Styret i Lærdal-Årdal villreinutval har vore ansvarlege for utarbeidinga av planen. Planen er skriven av Kjell Olav Cock.

Bestandsplanen er godkjent av årsmøtet til Lærdal-Årdal villreinområde 2024.

Planarbeidet er finansiert av egne midlar.

Styret i Lærdal-Årdal villreinutval

## Innhald

1	Om villreinområdet.....	4
1.1	Historikk.....	4
1.2	Områdebeskriving.....	4
1.3	Planperiode.....	5
1.4	Kunnskapsgrunnlag.....	5
1.5	Evaluering etter førre bestandsplanperiode.....	5
2	Kunnskapsgrunnlag og bestandsforhold.....	6
2.1	Minimumsteljingar.....	6
2.2	Slaktevektar.....	7
2.3	Kalveteljingar.....	8
2.4	Strukturteljingar.....	9
2.5	Genetisk variasjon.....	9
2.6	Helsestatus.....	10
2.7	Beiteforhold.....	11
3	Mål for planperioden.....	12
3.1	Hovudmål.....	12
3.2	Bestandsstorleik.....	12
3.3	Målsettingar for parameter i kvalitetsnormen.....	13
3.4	Avskytingsplan.....	13
3.5	Fellingsstatistikk L-Å 2002-2023.....	15
4	Areal og vedtekter.....	16
4.1	Vedtekter.....	17
5	Vedlegg.....	19
5.1	Fellingstatistikk Lærdal-Årdal 2002-2023.....	19
5.2	Sider frå NINA rapport 2372 - Kvalitetsnorm ikkje-nasjonale Lærdal-Årdal.....	19

# 1 OM VILLREINOMRÅDET

## 1.1 Historikk

Lærdal-Årdal villreinutval vart etablert i 1981.


Dagens villreinstamme i Lærdal-Årdal stammar frå utsett villrein, henta frå Nordfjella i 1995 og 1996. Tilsaman 33 villrein vart sett ut. Den nyetablerte stamma tok raskt opp ein arealbruk som var velkjent for eldre fjellfolk og villreinjegerar. Ein opplevde ikkje minst at trekkpassasjane passerte områda der det ligge fangstminne.

For meir informasjon kring historikken til villreinområdet sjå tidlegare driftsplanar.

## 1.2 Områdebeskriving

Lærdal-Årdal villreinområde ligg i høgfjellsområder i kommunane Lærdal og Årdal, i Vestland fylke, med eit typisk vestnorsk fjellandskap. Villreinområdet vert avgrensa av Sognefjorden i vest, FV. 53 Tyin-Årdal i nord, Lærdalen i sør og Smeddalen, opp til Øvre Smedalsvatnet i aust. Frå Øvre Smedalsvatnet og nordover til Tyinosen følgjer avgrensinga kommunegrensa til Vang kommune.

I Lærdal-Årdal er det eit unntak frå hovudregelen når det gjeld avgrensing. I nord-aust er leveområdet kartmessig avgrensa mot kommunegrensa til Vang i Valdres. Denne grensa er ikkje ei reell terrengmessig grense, den er administrativt bestemt fordi deler av arealet i Vang er leigd ut til tamreinbeite. Den naturlege avgrensinga av leveområdet inkluderer areal i Vang kommune, då villreinen ikkje vil møta trekkhinder austover før E16. Innanfor dette «ekskluderte» partiet er det FV. 53 Tyin-Årdal som vert nordleg avgrensing, på same måte som for nordleg areal i Årdal kommune.



Kartutklipp frå kartforteljinga for Lærdal-Årdal, syner biologisk leveområde

Berggrunnen i Lærdal-Årdal villreinområde er dominert av hard, kalkfattig grunnfjellsgranitt, gneis og gabbro. Innimellom desse harde bergartane, er det band med fyllitt. Fjellpartiet har generelt sett eit tynt og usamanhengande morenedekke. I bratte parti er det skredmateriale og bart fjell. Fjellområdet ligg som ei halvøy mellom Årdalsfjorden/Årdal og Lærdal, der li- og fjellsidene stig bratt, og stadvis nesten loddrett opp frå fjordnivå og dalbotnar til vel 1000 moh. Toppene på 1500 -1600 moh. er skilt med markerte fjelldalar.

Lærdal og Årdal har et utprega turt innlandsklima med kalde vintrar og tørre, varme somrar. Lærdal har berre 400 mm nedbør i året. Det er store variasjonar i årsnedbøren innan villreinområdet. I frå dalbotn i Lærdal og Årdal (30 m.o.h.) og opp i dei høgaste fjellpartia aukar årsnedbøren med vel 800 mm.

I samband med klassifiseringa av Lærdal-Årdal villreinområde jfr. kvalitetsnormen for villrein, vart det i 2023 utarbeida ei kartforteljing som kunnskapsgrunnlag for delnorm 3.

Kvalitetsnorm for villrein skal vurdere tilstanden til villreinen i kvart av våre 24 villreinområde. Vurderingane vil fortelja kva eventuelle utfordringar knytt til bestandsforhold, beite og forstyrningar dei ulike områda har. Den fyrste klassifiseringa viser at villreinen har betydelege utfordringar i dei fleste av villreinområda våre.

Kvalitetsnormen for villrein består av tre delnormer, med kvar sine måleparameter:

- Delnorm 1 Bestandsforhold
- Delnorm 2 Lavbeiter
- Delnorm 3 Leveområde og menneskeleg påverknad

Følgjande kartlag er å finna i kartforteljinga:

- Kalvings- og oppvekstområde (frå og med mai til siste halvdel av juni)
- Sommar- og haustbeite (fra siste halvdel av juni og ut oktober)
- Vinterbeite (frå og med november og ut april)
- Trekkpassasjar
- Fokusområde med influensområde

Link til kartforteljinga: <https://villrein.no/kvalitetsnorm/delnormtrelaerdalaardal/>

### 1.3 Planperiode

Bestandsplanperioden er **2024-2027**

### 1.4 Kunnskapsgrunnlag

Det har vorte utført årlege kalveteljinga tilbake til 1996, det er nokre år det ikkje har vorte gjennomført kalveteljing grunna vær og snøtilhøva på forsommaren, sjå figur for kalvetala i avsnitt 2.3. Totalteljingar på vinteren har og vore utført årleg, men også her er det nokre år utvalet ikkje har lukkast å få utført totalteljingar i løpet av vinteren, sjå tabell i avsnitt 2.1.

Strukturtejing på hausten vart sist utført i 2012, sjå avsnitt 2.4.

### 1.5 Evaluering etter førre bestandsplanperiode

Driftsplan for 2018-2022 hadde eit bestandsmål om ei vinterstamme på 400-500 dyr, same mål hadde driftsplan for 2013-2017. Eit bestandsmål på 400-500 dyr verkar til å vera for høgt ut i frå

dei gitte forholda me har i Lærdal-Årdal. Bestanden var oppunder 300 vinterdyr i 2013-2015, men etter det har dyretalet svinga ein god del.

Villreinutvalet har difor nedjustert bestandsmålet for komande planperiode.

Det har vore utfordringar i driftsperioden 2018-2023, med å få gode og kvalitetssikra dyreteljingar både på haust (strukturtejingar) og minimumsteljingar. Kalveteljingane har vore gode i heile driftsperioden.

Innrapportering av vegde slaktevekter er og ei utfordring, her må det gjerast ein jobb med å motivera jegerane til å vega alle slakt og registra vekt på jaktkort og i «Sett og skutt» appen.


## 2 KUNNSKAPSGRUNNLAG OG BESTANDSFORHOLD

### 2.1 Minimumsteljingar

TABELL 1. MINIMUMSTELLINGER (UTFØRT FEBRUAR-MARS)

Minimumsteljing vert gjennomført om vinteren for å få eit minimumstal på bestandsstørrelsen. Teljingane i L-Å vert utført enten langs bakken med snøscooter eller ved hjelp av helikopter. For å få til gode teljingar er ein avhengig av gode sportilhøve i fjellet, då helst med nysnø, roleg vær og godt sollys. Flokkane vert fotografert og talt opp på grunnlag av bileta.

Årstal V/H	Minimumsteljing (tal dyr)	Årstal V/H	Minimumsteljing (tal dyr)
1995/96	18	2010/11	278
1996/97	33	2011/12	262
1997/98	50	2012/13	270
1998/99	70	2013/14	260
1999/00	90	2014/15	270
2000/01	106	2015/16	270
2001/02	130	2016/17	119
2002/03	140	2017/18	114
2003/04	160	2018/19	106
2004/05	198	2019/20	183
2005/06	230	2020/21	176
2006/07	242	2021/22	210
2007/08	247	2022/23	180
2008/09	245	2023/24	204
2009/10	262		



## 2.2 Slaktevekter

TABELL 2. SLAKTEVEKTER I KG

Årstal	Hannkalv	Hokalv	Bukk 1,5 år	Simle 1,5 år	Bukk 2,5 år+	Simle 2,5 år+
2019					61,50 (2)	
2020	15,00 (1)				63,40 (5)	
2022	20,00 (1)				65,00 (2)	37,00 (2)
2023	20,00 (2)	21,5 (2)		29,50 (2)		42,00 (2)

(talet i parentes syner kor mange dyr det er rapportert inn vekt på)

Det må arbeidast aktivt for å få inn meir data på slaktevekter. Alle kalvar skal vegast av jeger, anslått vekt er ikkje godkjent slaktevekt for klassifisering etter kvalitetsnorm for villrein. Jegerane må og motiverast til å vega alle slakt, då slaktevekt er eit viktig måleparameter for kondisjon for dyra, og korleis beitetilhøva er i villreinområdet.

*Slaktevekt er vekta av ein dyrekropp når blodet er tappa av, innvollane teke ut, og hud, hovud og lemmane nedanfor knær og hasar er skilt i frå.*

TABELL 3. KLASSIFISERING ETTER KVALITETSNORM FOR VILLREIN; KJØNNS- OG ALDERSKORRIGERT SLAKTEVEKT FOR KALV

	Dårleg	Middels	God
Kvalitetsnorm	< 15 kg	15 – 18 kg	> 18 kg
Status i villreinområdet			


Det er sett som krav at det føreligger data fra minst 3 år for å gi ein klassifisering basert på gjennomsnitt, og minst 7 år for klassifisering basert på trend. For Lærdal-Årdal er det berre tilgjengeleg ei slaktevekt frå 2020 og ei frå 2022. Det er dermed ikkje tilstrekkeleg med slaktedata til å klassifisere.

## 2.3 Kalveteljingar

TABELL 4. KALVETELLINGER

Årstal	Antall telt	Kalv	Simle/ungdyr	Bukk	Kalv pr S/U
2016	100	36	64	0	56,3
2017	117	33	84	0	39,3
2018	137	41	96	0	42,7
2019	167	60	106	1	56,6
2020	173	52	121	0	43
2021	218	69	125	24	55,2
2022	91	27	57	7	47,4
2023	195	54	111	30	48,6

Kalveteljing: Vert gjennomført i juni – juli i nært samarbeid med NINA, og vert gjennomført med helikopter. Registrerer antall kalv per 100 simle/ungdyr.



(Under kalveteljinga i 2022 vart det berre funne ein flokk på 91 dyr, difor er det ein dropp i kalvetalet for 2022.)



TABELL 5. KLASSIFISERING ETTER KVALITETSNORM FOR VILLREIN; ANTALL KALV PR 100 SIMLE/UNG DYR

	Dårleg	Middels	God
Kvalitetsnorm	< 35	35 – 50	> 50
Status i villreinområdet			
Trend			

Gjennomsnittlege andel kalv per simle og ungdyr for den siste femårsperioden var på 49,3%. Det tilseier gul klassifisering. Dei ti siste åra har det vore ein auke i talet på simler som har fått kalv.

Den positive trenden dei ti siste åra tilseier at den endelege klassifiseringa vert grøn.

## 2.4 Strukturteljingar

TABELL 6. STRUKTURTELLINGER

Årstal	Antall telt	Bukk 1+	Bukk 2+	Bukk 3+	Simle	Kalv

Strukturteljing vil gje eit anslag over kjønns- og alderssamansetninga i bestanden. Me skil mellom gruppene kalv, simle 1½ år og eldre, åringsbukk, bukk 2½ år og bukk 3½ år og eldre. Strukturteljing vert vanlegvis gjennomført i brunstperioden om hausten etter avslutta jakt.

I Lærdal-Årdal har det ikkje vore utført strukturteljingar sidan 2012. Det må vera ei målsetjing å få utført strukturteljingar kvar haust i denne planperioden slik at datagrunnlaget for klassifisering med omsyn til strukturen i flokken vert betre.

TABELL 7. KLASSIFISERING ETTER KVALITETSNORM FOR VILLREIN; ANDEL ELDRE BUKK (OVER 3 ÅR) PR VOKSEN (OVER 1 ÅR) SIMLE

	Dårleg	Middels	God
Kvalitetsnorm	< 0,2	0,2 – 0,35	> 0,35
Status i villreinområdet			

I kvalitetsnormen for villrein er det sett som krav at det skal liggja føre data frå minst 3 år for å gje ei klassifisering basert på gjennomsnitt, og minst 7 år for klassifisering basert på trend. For L/Å føreligge det strukturdata for åra 1996-2000, 2006, 2008, 2012, men ingen data for dei seinare åra. Klassifisering er derfor ikkje gjort for L/Å i fyrste klassifiseringsrunde.

## 2.5 Genetisk variasjon

TABELL 8. KLASSIFISERING ETTER KVALITETSNORM FOR VILLREIN; GENETISK VARIASJON

	Dårleg	Middels	God
Kvalitetsnorm	> 3 %	0 – 3 %	0 %
Status i villreinområde			

Sett i forhold til dei andre villreinområda, har Lærdal-Årdal ein middels stor effektiv bestandsstørrelse og relativt låg innavlsgrad. (Informasjon henta frå NINA Rapport 2372)

Lærdal-Årdal vart ikkje kvalifisert med omsyn til genetisk variasjon då det var for lite prøvemateriale tilgjengeleg for å sei noko om utviklinga i genetisk variasjon over tid. Talet på prøvar vil auka i løpet av denne planperioden sidan prøvetaking for CWD vil halda fram i åra framover.

## 2.6 Helsestatus

TABELL 9. KLASSIFISERING ETTER KVALITETSNORM FOR VILLREIN; HELSESTATUS


	Dårleg	Middels	God
Kvalitetsnorm	Påvist	(Ikkje brukt)	Ikkje påvist
Status i villreinområdet			

Det er ikkje påvist meldepliktig sjukdom i Lærdal-Årdal, og måleparameteren klassifiserast som god. På grunn av funna av den meldepliktige sjukdommen skrantesjuke i Nordfjella og på Hardangervidda, er Lærdal-Årdal omfatta av det nasjonale kartleggingsprogrammet for skrantesjuke (Rolandsen et al. 2023).


## 2.7 Beiteforhold

Vinterbeiteområdet som er tilgjengeleg i kartgrunnlaget for Lærdal-Årdal, utgjer 477 km<sup>2</sup>. I dette arealet inngår områder som ikkje er typiske lavområder, som f.eks. høge fjelltoppar, og berre 152 km<sup>2</sup> (32 %) av arealet innanfor vinterbeiteområdet har potensielt lavførekomstar. 30 % (46 km<sup>2</sup>) av dette området klassifiserast som raudt, 19 % (29 km<sup>2</sup>) som gult, og 51 % (77 km<sup>2</sup>) som grønt. Lavbeita vert difor sett til middels kvalitet, gul (**Figur 4.8.3**).

Dersom vi ser på totalarealet for Lærdal-Årdal, er det 168 km<sup>2</sup> som potensielt har lavførekomstar. 34 % (57 km<sup>2</sup>) av dette område klassifiserast som raudt, 19 % (31 km<sup>2</sup>) som gult, og 48 % (80 km<sup>2</sup>) som grønt. Klassifiseringa vert den same (gul), men arealet med gode lavbeiter aukar med knappe 4 % (3 km<sup>2</sup>) (**Figur 4.8.4**).



Figur 4.8.3. Oversikt over funksjonsområda og lav mengda på vinterbeiteområdet (venstre panel), og oversikt over kor store områder som blei klassifisert som raudt, gult og grønt i samsvar med normen (høgre panel).



Figur 4.8.4. Oversikt over funksjonsområda og lav mengda innanfor totalarealet (venstre panel), og oversikt over kor store områder som blei klassifisert som raudt, gult og grønt i samsvar med normen (høyre panel).

Barmarksbeiter er det godt om i Lærdal-Årdal.

### 3 MÅL FOR PLANPERIODEN

#### 3.1 Hovudmål

- Å ta vare på og betra villreinområdet sin kvalitet som leveområde for villrein.
- Å sikra trekkvegane for villreinen innan området.
- Arbeida for å unngå nye inngrep i villreinområdet, til dømes nye kraftlinjer og vindmøller
- Å sikra ei villreinstamme med sunne dyr og med ein optimal samansetnad når det gjeld kjønn og alder. Bestandsforhold – god – etter kvalitetsnorm for villrein må vera målet å oppnå.
- Kontinuerleg arbeid for auka kunnskapsgrunnlaget om villreinstamma slik som kalveteljingar i juni/juli, strukturteljingar i oktober og totalteljingar i feb./mars.
- Fokus på innsamling av slaktevekter og få samla inn meir prøvemateriale (CWD) for å kartleggja genetisk variasjon i flokken grundigare.
- Å hausta av villreinstamma på ein slik måte at det gjev god avkastning og ei rettvis fordeling mellom jaktrettshavarane.
- I dette ligg også oppfølging av arbeidet med å sikre ei varig løysing som redusera konflikhtar og konfliktpotensiale mellom villrein- og tamreininteressene.
- Informasjon til jegerane og jaktrettshavarane om deira oppgåver i forvaltninga.
- Arbeide for ei human jakt med høg fellingsprosent.

#### 3.2 Bestandsstorleik

Minimumsteljingar utført vinteren 2024 syner eit dyretal på 204

Ut i frå erfaringane som er gjort dei føregåande planperiodane vert målet for bestandsstorleiken sett ein til ei vinterstamme på 350 - 400 dyr.

Målsetjinga for struktur:

**Bukk 3,5 år og eldre 20-25%**

**Simle 1,5 år og eldre 43-50%**

### 3.3 Målsettingar for parameter i kvalitetsnormen

Delnorm	Måleparameter	Status i 2023	Målsetjing
<b>Bestandsforhold</b>	Slaktevekt på kalv	Ikkje nok data	God
	Antall kalv pr. 100 simle/ungdyr		God
	Andel eldre bukk pr. voksen simle	Ikkje nok data	God
	Genetisk variasjon	Ikkje nok data	God
	Helsestatus		God
<b>Lavbeiter</b>	Lavbeiter	Middels	Middels
<b>Leveområdet</b>	Funksjonell arealutnytting		God
	Funksjonelle trekkpassasjer		God

Målsetjinga for lavbeiter er sett til middels for planperioden, då dette er naturgitte forhold villreinutvalet ikkje kan gjera noko med.

### 3.4 Avskytingsplan

For å byggja bestandsnivået opp til målsetjinga for planperioden så må avskytinga i desse åra liggja under tilveksten.

Tabellane nedanfor er å betrakta som eit framlegg til korleis avskytinga kan skje i planperioden. I berekninga for teoretisk avskytingsplan er det lagt i 10% naturleg avgang og eventuelt utvandring. Kalv/100 SU er det lagt inn snittet for dei siste års kalveteljingar. Fellingsprosenten er sett til 65%, sidan jaktida har vore korta inn dei siste sesongane.

TABELL 10. TEORETISK AVSKYTINGSPLAN

År	Vinterstamme	Simler > 1,5år 45%	Kalv/100S (snitt)	Brutto tilvekst	Løyver (10%)	Jaktuttak (60% felling)	8% naturleg avg.	Rest
2024	204	92	60 %	55	26	16	21	223
2025	223	100	60 %	60	28	17	23	243
2026	243	110	60 %	66	31	19	25	266
2027	266	120	60 %	72	34	20	27	290

TABELL 11. PLAN FOR FORDELING AV KVOTE PÅ ALDER OG KJØNN.

Målet med avskytingsplan er å unngå for stor utskyting av vaksne produksjonsdyr.

Typar jaktkort i planperioden:



Kategori	Kalv	Simle	Liten bukk	Stor bukk >3,5	Sum fellingsløyve
År	60 %	15 %	15 %	10 %	
2024	15,0	4,0	4,0	3,0	26,0
2025	17,0	4,0	4,0	3,0	28,0
2026	19,0	5,0	5,0	3,0	32,0
2027	20,0	5,0	5,0	3,0	33,0

Type jaktkort	Dyr som kan skytast på dette kortet
Stor bukk > 3,5 år	Stor bukk Liten bukk 1,5 års bukk Kalv av begge kjønn
Liten bukk u. 50 kg - Kluftbukk	Med liten bukk meinast bukk med inntil 3 takkar på kvar gevirstang endetakkar medrekna - Kluftbukk 1,5 års bukk Kalv av begge kjønn
Simle / ungdyr	1,5 års simler og eldre 1,5 års bukk Kalv av begge kjønn
Kalv	Kalv = ½ års gamle dyr

Ut i frå fellingsstatestatikken til L-Å 2002-2023 ser me at fellingsprosenten på frie kort er mykje høgare enn til dømes på kalvekorta, det er og felt mykje vaksne simler og lite 1,5 års simler. Det må derfor takast omsyn til dette ved kvotefordelinga slik at ein kan sikra ei villreinstamme med ein optimal samansetnad når det gjeld kjønn og alder. Høg andel 1,5 års simler vil kunna gje låg kalveprosent og lågare slaktevekte, me må prøva å spara dei vaksne produksjonsdyra å ta ut meir unge dyr og kalv.

Kvotane og fordeling av kvotane på kjønn og alder er ein reiskap for å oppnå ønska bestandstorleik og struktur og vil måtta regulerast i takt med tal frå kalve-, struktur- og minimumsteljingar.

### 3.5 Fellingsstatistikk L-Å 2002-2023



## 4 AREAL OG VEDTEKTER

Eigedomsstruktur -Teljande areal – Rettigheitshavarar

Nr	Eigedom	Teljande areal daa
L-1	Offerdal-Sand-Damstuen-Sandnes	5 350
L-2	Per Severin Hjermann	7 450
L-3	Christian Gjerde	9 500
L4 + L6	Harald Hunderi	10 400
L5 + L7	Njål Kaardal Golf	8 500
L-8	Ljøsendalen sameige v/Jens Reidar Ljøsne	44 125
L-9	Husum - Odd Inge Brugrand	2 100
L-10	Horge - Øyvind Horge	13 500
L-11	Øvre Kvamme - Synnøve A. Kvamme	31 500
L-12	Volldalen Sameige v/Dagfinn Kvamme	10 400
L-13	Smedalen Sameige v/Dagfinn Hegg Lunde	29 925
L-14	Sluten Sameige v/Kjell Olav Cock	20 800
L-15	Frostdalen Sameige v/Torfinn Skårheim	33 075
Å-1	Olav Bjørkum	87 150
Å-2	Ole Bjarne Hovland	40 300
Å-3	Geir Sigurd Berge og Ola Læg Reid	38 800
	<b>Samla areal medlemar L/Å-villreinutval</b>	<b>392 875</b>
Å-4	<i>Wollert Klingenberg</i>	24 625
Å-5	<i>Marta Eldegard</i>	4 100
Å-6	<i>Ole Vee</i>	66 150
		94 875
	Samla areal biologisk leveområde	487 750



## 4.1 Vedtekter

### Vedtekter for Lærdal-Årdal Villreinutval

**1. Lærdal-Årdal villreinutval** er ei samanslutning av grunneigarar som disponerer areal brukt av villrein innan kommunane Lærdal og Årdal.

**2. Formålet med** samanslutninga er å ta vare på villreinen sine leveområde og å skape grunnlag for eins forvaltning av ei sunn og levedyktig villreinstamme.

**3. Styre.** Mellom og av grunneigarane vel ein eit styre på 5 personar, pluss personlege varafolk.

Styremedlemene i utvalet er valde for to år om gangen, men det er høve til attval.

Leiar, varafolk og revisor er på val på årsmøtet for eit år om gongen.

Grunneigarane er innforstått med at styret i villreinutvalet opptrer på vegne av medlemmene, ut frå dei vedtak som er gjort på årsmøtet.

**4. Jaktavtale.** Det er felles jaktavtale for villreinområdet.

Leiar er valdansvarlege, jamført jaktavtalen.

#### 5. Villreinutvalet sine oppgåver.

- a. Arbeide med skjøtsel av villreinstammene i Lærdal/Årdal villreinområde, her også arbeide for at leveområda til reinen vert best mogleg.
- b. Ta seg av oppgåver som tek sikte på å fremja ei målretta drift av villreinstamma innan området, utarbeiding av driftsplan og gjennomføra teljingar av reinsstamma, beitegranskingar og kondisjonsundersøkingar.
- c. Fungere som kontaktorgan mellom grunneigarar, myndigheiter og jegerar.
- d. Legge fram årsmelding, revidert rekneskap og framlegg til budsjett og arbeidsplan for årsmøtet.
- e. Utarbeide framlegg til driftsplan.
- f. Utarbeide framlegg til jakttider.
- g. Administrera felles jaktavtale for området.
- h. Fastsette reglar for jaktutøving.
- i. Organisere felles jakttoppsyn.
- k. Representere villreinområdet eksternt og internt.

**6. Årsmøtet** skal haldast innan 15. mars. Innkalling, vedlagt saksliste, årsmelding, rekneskap, budsjett og eventuelle sakspapir skal sendast grunneigarane, utvalsmedlemmar og villreinnemnda seinast 3 veker før årsmøtet. Saker ein ynskjer å ta opp på årsmøtet må vera Villreinutvalet i hende innan 1. februar.

Årsmøtet vert leia av leiar i Villreinutvalet.

Årsmøtet fører protokoll som vert underskrive av 2 valde årsmøteutsendingar.

Minst 50 % av totalarealet må vera representert på årsmøtet før årsmøtet er vedtaksføre.

#### 7. Årsmøtets sine oppgåver

- a. Handsama årsmelding og revidert rekneskap.

- b. Føreta val av styremedlemmer med personlege varafolk, leiar, revisor og valnemnd. Valnemnd kjem med framlegg til godtgjersla til tillitsvalde.
- c. Vedta arbeidsplan og budsjett, fastsette kontingent til finansiering av Villreinutvalet sitt arbeid.
- d. Vedta framlegg til driftsplan for heile villreinområde.

#### **8. Avstemming i årsmøtesaker.**

Stemmetalet vert rekna ut på grunnlag av teljande areal.

Alle saker som er nemnt under punkt 6, og som ikkje gjeld felles jaktavtale, vedtektsendring eller framlegg om oppløysning, vert avgjort ved simpelt fleirtal.

Sameigene er representert med ei stemme etter teljande areal.

Lovleg fatta årsmøte vedtak er bindande for alle grunneigarane.

#### **9. Vedtektsendring og oppløysning.**

Vedtektsendring krev 2/3` s fleirtal av dei oppmøte stemmeandelene på årsmøtet.

Oppløysning krev 3/4` s fleirtal av dei totale stemmeandelene innan området. Ei oppløysning føreset at det vert gjort vedtak på årsmøtet det eine året, og at det vert stadfesta av årsmøtet påfølgjande år.

**10. Ekstraordinært årsmøte** kan fastsetjast når grunneigarane som representerer minst 1/3 av stemmeandelene forlangar det.

**11. Utmelding** må skje skriftleg, og vert først gjeldande etter eit år.

Vedtekter er vedtekne på årsmøtet den 04.04.2024

## **5 VEDLEGG**

### **5.1 Fellingstatistikk Lærdal-Årdal 2002-2023**

### **5.2 Sider frå NINA rapport 2372 - Kvalitetsnorm ikkje-nasjonale Lærdal-Årdal**

FELLINGSSTATISTIKK LÆRDAL-ÅRDAL 2002 - 2023


År	% felt hann-kalv	Tal felt hann-kalv	% felt ho-kalv	Tal felt ho-kalv	% felt 1-årige hann	Tal felt 1-årig hann	% felt 1-årig ho	Tal felt 1-årig ho	% felte eldre hann	Tal felt eldre hann	% felt eldre ho	Tal felt eldre ho	Totalt felt	Løyver tildelt	Fellings %	År	Kalv	S	S/U	Frie dyr	Sum hjorte reg
2002	0	0	0	0	0	0	0	0	73	8	27	3	11	13	85 %	2002				13	13
2003	0	0	0	0	0	0	0	0	89	8	11	1	9	17	53 %	2003				17	17
2004	0	0	0	0	0	0	0	0	71	12	29	5	17	25	68 %	2004				25	25
2005	8	2	0	0	0	0	0	0	73	19	19	5	26	40	65 %	2005				40	40
2006	11	5	9	4	11	5	2	1	26	12	43	20	47	67	70 %	2006	17		30	20	67
2007	6	2	6	2	18	6	0	0	39	13	30	10	33	73	45 %	2007	18		33	22	73
2008	13	7	9	5	13	7	4	2	20	11	43	24	56	80	70 %	2008	20		36	24	80
2009	11	4	8	3	11	4	6	2	17	6	47	17	36	74	49 %	2009	22		37	15	74
2010	16	9	5	3	9	5	0	0	32	18	39	22	57	85	67 %	2010	21		38	26	85
2011	13	6	7	3	11	5	2	1	31	14	36	16	45	83	54 %	2011	21		37	25	83
2012	15	7	13	6	15	7	2	1	21	10	35	17	48	78	62 %	2012	23		39	16	78
2013	10	5	13	6	6	3	0	0	23	11	48	23	48	65	74 %	2013	20		32	13	65
2014	12	6	19	10	10	5	6	3	15	8	38	20	52	68	76 %	2014	20		34	14	68
2015	15	5	15	5	21	7	3	1	15	5	32	11	34	68	50 %	2015	20		34	14	68
2016		0		0		0		0		0		0	0	20		2016				20	20
2017		0		0		0		0		0		0	0	0		2017				0	0
2018	0	0	0	0	0	0	0	0	100	11	0	0	11	15	73 %	2018				15	15
2019	0	0	0	0	0	0	0	0	100	9	0	0	9	15	60 %	2019				15	15
2020	14	2	0	0	0	0	0	0	86	12	0	0	14	20	70 %	2020	5			15	20
2021		0		0		0		0		0		0	0	0		2021				0	0
2022	12	2	12	2	6	1	12	2	24	4	35	6	17	30	57 %	2022	9		15	6	30
2023	12	2	12	2	12	2	18	3	12	2	35	6	17	40	43 %	2023	12		20	8	40
	7,6	65	5,8	52	6,5	58	2,5	16	39,4	194	24,9	206	587				228	0	385	363	976
	Snitt	Sum	Snitt	Sum	Snitt	Sum	Snitt	Sum	Snitt	Sum	Snitt	Sum	590				23 %		39 %	37 %	

TILDELTE LØYVER 2002-2023

## 4.8 Lærdal-Årdal

### 4.8.1 Lærdal-Årdal villreinområde

Lærdal-Årdal villreinområde har et totalareal på 544 km<sup>2</sup> og ligger i kommunene Lærdal og Årdal i Vestland fylke. (Figur 4.8.1). Bestandsmålet er på 500 vinterdyr ([www.villrein.no](http://www.villrein.no)). Vi viser til [kartfortellingen](#) for Lærdal-Årdal (Brænd et al. 2023a) for en nærmere beskrivelse av villreinområdet.



**Figur 4.8.1.** Kart over Lærdal-Årdal villreinområde. Svart strek viser yttergrense for leveområdet, og lilla strek viser grenser for fokusområder. LÅ-01 = Viervatnet, LÅ-02 = Salen, LÅ-03 = Valdresdalen, LÅ-04 = Fossdalen-Slutedalen, LÅ-05 = Øvre Smeddalsvatn, LÅ-06 = Vang, LÅ-07 = Sletterust, LÅ-08 = Vest-Jotunheimen - Lærdal-Årdal, LÅ-09 = Rausdalen-Berdalsvatnet. Mer informasjon om disse er gitt i **Kapittel 4.8.2.8** og **4.8.2.9** og **Vedlegg 7.5**.



Reinsflokk. Reinsgravtjønn, Lærdal-Årdal villreinområde. Foto: Rein Arne Golf

## 4.8.2 Klassifisering av Lærdal-Årdal


### 4.8.2.1 Samlet klassifisering

Helhetsvurderingen medførte at Lærdal-Årdal villreinområde ble klassifisert til middels kvalitet. Dette som en følge av at delnorm 2 ble satt til middels kvalitet, delnorm 3 til god kvalitet, mens det ikke ble klassifisert etter delnorm 1 på grunn av manglende datagrunnlag (**Tabell 4.8.1**). Lærdal-Årdal oppfyller derfor kvalitetsnormens mål om minimum middels kvalitet.

Årsaken til at det ikke ble klassifisert etter delnorm 1 (satt til grå), er at ekspertgruppa besluttet at det måtte være data for minst to av de fem måleparameterne i delnorm 1 for at en klassifisering etter delnormen gjennomføres. Ellers ville flere områder blitt klassifisert som grønn for delnorm 1, selv om dette kun var basert på fravær av meldepliktig sykdom. Denne beslutningen påvirker ikke helhetsvurderingen for noen av områdene. Vi vil likevel påpeke at manglende datagrunnlag er en svakhet ved klassifiseringen. Dette vil forbedres til neste klassifisering, dersom datainn-samlingen som kvalitetsnormen legger opp til, gjennomføres.

Grunnlaget for klassifiseringen av hver enkelt måleparameter i delnorm 1, 2 og 3 for Lærdal-Årdal (**Tabell 4.8.2**) presenteres i **Kapittel 4.8.2.2 - 4.8.2.9**, mens forslag til forbedringer i datagrunnlag og metoder presenteres samlet for alle villreinområder i **Kapittel 6**. En oversikt over årlige antall slaktevekter, antall observerte dyr under tellinger, gjennomsnittsverdier for slaktevekter og telleresultater er vist i **Vedlegg 7.2**.

**Tabell 4.8.1.** Klassifisering av Lærdal-Årdal etter hver enkelt delnorm, med en samlet helhetsvurdering. Fargekodene grønn, gul og rød angir henholdsvis god, middels og dårlig tilstand/kvalitet. Eventuell grå fargekode angir manglende datagrunnlag.



**Tabell 4.8.2.** Klassifisering av de enkelte måleparameterne under delnorm 1, 2 og 3 for Lærdal-Årdal. Eventuell grå fargekode angir manglende datagrunnlag. Måleparameter 'Helsestatus – forekomst av alvorlig meldepliktig sykdom' måles ved å angi om slike sykdommer er til stede eller ikke, og middels tilstand benyttes derfor ikke for denne måleparameteren.


Delnorm	Måleparameter	Dårlig	Middels	God
1	Kjønns- og alderskorrigert slaktevekt på kalv	Grå		
1	Antall kalver per 100 simle og ungdyr	X		
1	Andel eldre ( $\geq 3$ år) bukk per voksen ( $\geq 1$ år) simle	Grå		
1	Genetisk variasjon	Grå		
1	Helsestatus – forekomst av alvorlig meldepliktig sykdom		Brukes ikke	X
2	Lavbeiter		X	
3	Funksjonell arealutnyttelse			X
3	Funksjonelle trekkpassasjer			X

### 4.8.2.2 Kjønns- og alderskorrigert slaktevekt på kalv

Det er satt som krav at det foreligger data fra minst 3 år for å gi en klassifisering basert på gjennomsnitt, og minst 7 år for klassifisering basert på trend. For Lærdal-Årdal er det kun tilgjengelig én slaktevekt fra 2020 og én fra 2022. Det er dermed ikke tilstrekkelig med slaktedata til å klassifisere. Korrigert vekt for dyrene som ble veid var 13,7 og 17,8 kg.

#### 4.8.2.3 Antall kalver per 100 simle og ungdyr (andel kalv)

Gjennomsnittlig andel kalv per simle og ungdyr for den siste femårsperioden var på 49,3 % [95 % konfidensintervall: 43,3-55,4]. Det tilsier gul klassifisering. De ti siste årene har det vært en økning i andelen simler som har fått kalv (odds-ratio: 1,10 [95 % konfidensintervall: 1,05 – 1,15]). Den positive trendene de ti siste årene tilsier at den endelige klassifiseringen blir grønn.



**Figur 4.8.2.** Oversikt over andel kalv per simle og ungdyr per år med 95 % konfidensintervall (A), gjennomsnitt for de fem (to) siste årene (B) og trend for de ti siste årene (C).

#### 4.8.2.4 Andel eldre ( $\geq 3$ år) bukk per voksen ( $\geq 1$ år) simle

Det er satt som krav at det foreligger data fra minst 3 år for å gi en klassifisering basert på gjennomsnitt, og minst 7 år for klassifisering basert på trend. Det foreligger strukturdata for årene 1996-2000, 2006, 2008, 2012, men ingen data for senere år. Klassifisering er derfor ikke gjort.

#### 4.8.2.5 Genetisk variasjon

I klassifiseringen av de 10 nasjonale områdene ble det benyttet mikrosatellitter (Rolandsen et al. 2022). Her har vi benyttet såkalte SNP-analyser (**Vedlegg 7.4**), og resultatene er ikke direkte sammenlignbare med de nasjonale områdene.

Den genetiske variasjonen  $H_o$  er relativt høy i Lærdal-Årdal. Siden data mangler for å analysere endringer over tid, kan ikke Lærdal-Årdal klassifiseres (**Tabell 4.8.3**, **Vedlegg 7.4**).

Sett i forhold til de andre bestandene, har Lærdal-Årdal en middels stor effektiv bestandsstørrelse og relativt lav innavlsgrad (**Vedlegg 7.4**).

**Tabell 4.8.3.** Resultater for bestandsgenetikken i Lærdal-Årdal, med prøvetakingsperiode, bestandsmål, effektive bestandsstørrelser ( $N_e$ ), antall prøver/individer ( $n$ ), genetisk variasjon ( $H_o$ ), prosentvis endring i genetisk variasjon (ikke beregnet), innavlsgrad ( $F_{RoH}$ ) og prosentvis endring i innavlsgrad (ikke beregnet). Verdier i parentes er 95 % konfidensintervall for  $N_e$ , ellers standardfeil.

Periode	N bestandsmål	$N_e$ effektiv bestandsstr.	Prøver ( $n$ )	$H_o$ genetisk variasjon	$H_o$ % endring	$F_{RoH}$ innavl	$F_{RoH}$ % endring
2016-2019	500	86 (52-211)	25	0,315 (0,003)	-	0,012 (0,003)	-


#### 4.8.2.6 Helsestatus – forekomst av alvorlig meldepliktig sykdom

Det er ikke påvist meldepliktig sykdom (**Vedlegg 7.3**) i Lærdal-Årdal, og måleparameteren klassifiseres som god. På grunn av funnene av den meldepliktige sykdommen skrantesjuke i Nordfjella og på Hardangervidda, omfattes Lærdal-Årdal av det nasjonale kartleggingsprogrammet for skrantesjuke (Rolandsen et al. 2023).


#### 4.8.2.7 Lavbeiter

Vinterbeiteområdet som er tilgjengelig i kartgrunnlaget for Lærdal-Årdal, utgjør 477 km<sup>2</sup>. I dette arealet inngår områder som ikke er typiske lavområder, som f.eks. høye fjelltopper, og kun 152 km<sup>2</sup> (32 %) av arealet innenfor vinterbeiteområdet har potensielt lavforekomster. 30 % (46 km<sup>2</sup>) av dette området klassifiseres som rødt, 19 % (29 km<sup>2</sup>) som gult, og 51 % (77 km<sup>2</sup>) som grønt. Lavbeitene settes derfor til middels kvalitet, gul (**Figur 4.8.3**).

Dersom vi ser på totalarealet for Lærdal-Årdal, er det 168 km<sup>2</sup> som potensielt har lavforekomster. 34 % (57 km<sup>2</sup>) av dette området klassifiseres som rødt, 19 % (31 km<sup>2</sup>) som gult, og 48 % (80 km<sup>2</sup>) som grønt. Klassifiseringen blir den samme (gul), men arealet med gode lavbeiter øker med knappe 4 % (3 km<sup>2</sup>) (**Figur 4.8.4**).



**Figur 4.8.3.** Oversikt over funksjonsområdene og lavmengden på vinterbeiteområdet (venstre panel), og oversikt over hvor store områder som ble klassifisert som rødt, gult og grønt i henhold til normen (høyre panel).



**Figur 4.8.4.** Oversikt over funksjonsområdene og lavmengden innenfor totalarealet (venstre panel), og oversikt over hvor store områder som ble klassifisert som rødt, gult og grønt i henhold til normen (høyre panel).




#### 4.8.2.8 Funksjonell arealutnyttelse

Med bakgrunn i kunnskapsgrunnlaget for delnorm 3 presentert i [kartfortellingen](#) for Lærdal-Årdal, er det i alt tre fokusområder for funksjonell arealutnyttelse. Arealberegninger viser at disse områdene utgjør omtrent 10 % (56 av 544 km<sup>2</sup>) av leveområdenes areal i Lærdal-Årdal.

Funksjonell arealutnyttelse klassifiseres som god for Lærdal-Årdal. Dette som en følge av at to av fokusområdene er klassifisert for god, med < 50 % arealunnvikelse for alle sesonger. I ett fokusområde ble graden av arealunnvikelse vurdert som usikker (grå) i ett eller flere funksjonsområder (**Tabell 4.8.4, Figur 4.8.5, Vedlegg 7.5**).

**Tabell 4.8.4.** Endelig tilstandsklassifisering av funksjonell arealutnyttelse for funksjonsområdene kalvings- og oppvekstområde (KO), sommer- og høstbeiter (SH) og vinterbeiter (V) i Lærdal-Årdal. De høyeste prosentvise verdiene for middels (gul) eller dårlig (rød) tilstand for KO, SH og V (**Vedlegg 7.5**) legger grunnlaget for den endelige helhetsvurderingen. Funksjonsområdene med høyest arealunnvikelse settes som grønn, gul eller rød dersom de utgjør et lite (inntil 10 %), middels (10–20 %) eller stort (mer enn 20 %) omfang sammenlignet med det totale arealet av det aktuelle funksjonsområdet.

		Grad av arealunnvikelse i fokusområdene	
		Middels (50-90 %)	Dårlig (> 90 %)
Samlet omfang av arealunnvikelsen	Lite	0 %	0 %
	Middels		
	Stort		



**Figur 4.8.5.** Klassifisering av grad av arealunnvikelse i fokusområder for funksjonell arealutnyttelse for kalvingsområder, sommer- og høstbeiter (sommerbeite) og vinterbeiter i Lærdal-Årdal villreinområde. Eventuelle fokusområder som ikke har betydning (ikke er relevant) for det aktuelle funksjonsområdet, er markert med lilla.

Merknad: Villreinområdet er etablert i tiden etter referanserammen på 50 år.


#### 4.8.2.9 Funksjonelle trekkpassasjer

Med bakgrunn i kunnskapsgrunnlaget for delnorm 3 presentert i [kartfortellingen](#) for Lærdal-Årdal, er det i alt fem fokusområder for funksjonelle trekkpassasjer.

Lærdal-Årdal klassifiseres som god for funksjonelle trekkpassasjer. Dette som en følge av at alle de summerte arealene i fokus- og influensområder for trekkpassasjer er klassifisert som grønne (< 50 %) eller usikre (**Tabell 4.8.5, Figur 4.8.6, Vedlegg 7.5**).

**Tabell 4.8.5.** Endelig tilstandsklassifisering av funksjonelle trekkpassasjer for funksjonsområdene kalvings- og oppvekstområde (KO), sommer- og høstbeiter (SH) og vinterbeiter (V) i Lærdal-Årdal. For de trekkpassasjene som har redusert trekk utover normal variasjon (middels eller dårlig), er det vurdert om omfanget av endringene er lite (inntil 10 %), middels (10–20 %) eller stort (mer enn 20 %) sammenlignet med det totale arealet av funksjonsområder for KO, SH og V innen villreinområdet. De høyeste verdiene av nedsatt trekk i KO, SH og V for henholdsvis middels og dårlig tilstand er satt inn i tabellen. Eventuell mangel på verdi under middels eller dårlig for grad av nedsatt trekk betyr at denne kategorien for grad av nedsatt trekk ikke ble påvist.

		Grad av nedsatt trekk	
		Middels	Dårlig
Omfang av endringer i villreinsens arealbruk som følge av redusert trekk	Lite	0 %	0 %
	Middels		
	Stort		



**Figur 4.8.6.** Klassifiseringen av de enkelte fokusområdene for funksjonelle trekkpassasjer for kalvingsområder, sommer- og høstbeiter (sommerbeite) og vinterbeiter i Lærdal-Årdal villreinområde. Eventuelle fokusområder som ikke har betydning (ikke er relevant) for det aktuelle funksjonsområdet, er markert med lilla. Blått skravert felt angir influensområder til fokusområder for funksjonelle trekkpassasjer.

Merknad: Villreinområdet er etablert i tiden etter referanserammen på 50 år.



Reinsflokk. Slutnosi, Lærdal-Årdal villreinområde. Foto: Rein Arne Golf.